



Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 59/23
Møtedato: 13.06.2023
Journalnummer: 2023/1803

Ny strategi for Det juridiske fakultet 2023-2030

Innledning

Fakultetsstyret får i denne saken presentert en endelig versjon av fakultetets nye strategi 2023-2030 **Rettsvitenskap i front** til godkjenning (vedlegg 1). Det skal i løpet av strategiperioden velges ny dekan og nytt styre, og det åpnes i den forbindelse opp for revidering av strategien i 2026.

I saken legges det også fram en plan for implementering av strategien med utvikling av to handlingsplaner, én for forskning og én for utdanning, for perioden 2023-2025. Handlingsplanene skal dekke sentrale aspekter ved strategien og begge skal inneholde tiltakspunkter for *internasjonalisering, rekruttering, mangfold og likestilling og formidling*.

Strategiutkastet og planen for implementering ble lagt fram for Forskningsutvalget (30. mai) og Studieutvalget (5. juni). Utvalgene sluttet seg til det fremlagte utkastet til strategiplan og planen for implementering av denne. FU oppfordret til tiltak for å bevare og styrke studentdemokratiet i oppfølgingen av strategien. SU sluttet seg til dette, men med et ønske om at det under overskriften «Ein organisasjon i utvikling», i punktlisten «ambisjonar mot 2030» legges til følgende: *Vi skal arbeide for å styrke studentdemokratiet ved fakultetet.*

Bakgrunn

Fakultetsstyret la rammene for arbeidet med ny strategi i mai 2022 ([fakultetsstyresak 37/22](#)). Forskningsutvalget, Studieutvalget og fakultetsstyret har blitt orientert jevnlig om status, gjennomførte og planlagte aktiviteter og foreløpige vurderinger (fakultetsstyresakene [90/22](#), [104/22](#) og [5/23](#)).

Strategiprosessen har vært drevet av en prosjektgruppe bestående av forskningsdekan Ragna Aarli, studiedekan Halvard Haukeland Fredriksen, nestleder i studieseksjonen Nina Østensen og forskningsrådgiver Ingrid Birce Müftüoglu (koordinator). Et rådgivende organ har bidratt med faglige innspill og utforming. Følgende medlemmer ble oppnevnt av dekanen 8. august 2022:

- For fast vitenskapelig ansatte: professor Berte-Elen Reinertsen Konow, professor Ernst Nordtveit og førsteamanuensis Lillia Oprysk
- For midlertidig vitenskapelig ansatte: postdoktor Siv Elén Årskog Vedvik og postdoktor Kristian Strømsnes
- For administrativt ansatte: seniorrådgiver Ingrid E. Tøsdal og rådgiver Karoline Aksnes

- Eksternt medlem: Leder for Advokatforeningen Vestland krets og vara i fakultetsstyret Ingelin Morken Gundersen
- Studentene Ihne Selås Johansen og Anna Victoria Fredriksen er oppnevnt via JSU

Gjennom strategiprosessen er alle ledd i organisasjonen gitt anledning til å bidra med synspunkter og innspill blant annet på allmøter, skriftlig høringsrunde og dialogmøter for de ulike ansattgruppene og studentene. Fakultetet har gjennom prosessen også vært i dialog med eksterne samarbeidspartnere fra privat og offentlig sektor om sentrale aspekter ved strategien (se aktivitetsoversikten i vedlegg 2). Med evalueringen av rettsvitenskap i Norge (JUREVAL) foreligger det grundige analyser av fakultetets rolle og posisjon, styrker og utfordringer nasjonalt og internasjonalt i perioden 2010-2019. Dette har vært et sentralt kunnskapsgrunnlag i utvikling av ny strategi.

Sentrale prioriteringer i strategiarbeidet

Strategiutkastet som nå foreligger er et resultat av en grundig prosess med bred involvering. I tillegg til kunnskapsgrunnlaget fra JUREVAL, interne og eksterne kunnskapspolitiske prosesser og erfaringer fra nylige omstillingsprosesser ved fakultetet deriblant utvikling av ny studieordning og omlegging og faglig utvikling av ph.d.-programmet, er det tatt hensyn til fortløpende endringer i løpet av strategiprosessen. Her har vi særlig tatt hensyn til den økonomiske situasjonen for UH-institusjonene, opprettelsen av nye masterutdanninger, økt rettsvitenskapelig kunnskapsbehov særlig med tanke på bærekraftig utvikling og globale samfunnsutfordringer, og ikke minst endring knyttet til rask teknologisk utvikling. Sentrale prioriteringer som er gjort i strategiarbeidet kan oppsummeres som følger:

1. **Faglige tyngdepunkt:** I diskusjon på allmøter og i de skriftlige innspillene kom det fram at både ansatte og de eksterne samarbeidspartnere ønsket en tydeligere faglig prioritering i strategien, som skulle være retningsgivende for strategisk styring og ressursbruk. De faglige tyngdepunktene *Klima- og energirett, Rettstat og internasjonalt rettssamarbeid og Rammevilkår for næringsverksemd og nyskaping* er utviklet for å åpne rom for økt samarbeid på tvers av rettsdisipliner/forskergrupper og med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Tyngdepunktene kan potensielt legge til rette for at forskning i større grad skjer/utvikles i et faglig fellesskap internt ved fakultet og med eksterne samarbeidspartnere.
2. **Rekruttering og kritisk masse:** Fakultetet er mer avhengig av eksterne midler for å rekruttere enn tidligere. Skal fakultetet opprettholde solide fagmiljøer i de sentrale rettsområdene, må eksterntfinansiering bli en mer naturlig del av forskningsaktiviteten.
3. **Levende campus:** En omorganisering og styrking av 5 studieår er viktig for å unngå fjernstudier og evt. «brain drain» fra regionen både til forskning og til arbeidslivet.
4. **En mer bærekraftig organisering:** Fakultetet har vokst både når det gjelder ansatte, studenter og faglig aktivitet. Til tross for dette har styringsstrukturen og antall faglige ledere vært uendret. Faglig fellesskap, tilstedeværelse og faglig ledelse fordelt på flere har vært løftet opp som utviklingspunkter i neste periode.
5. **Mangfold og internasjonalisering:** Fakultetet har hatt en identitet av å være nasjonalt orientert, og det skal man i stor grad fortsette å være. I strategiprosessen var det mange som spilte inn at man samtidig bør ha et større internasjonalt fokus, særlig når det gjelder publisering og bygging av nettverk. Det ble også pekt på at man tidlig i forskerkarrieren bør innlemmes i internasjonale fagfellesskap, og at veiledere/mentorere/forskergruppene/fagmiljøene har et særlig ansvar her.

Plan for implementering

Strategiplanen følger strukturen til UiB sin strategiplan med visjoner og ambisjoner på punktene forskning, utdanning, formidling/samfunnskontakt og organisasjon. UiB har i tillegg et vedlegg til strategien med punkter for tilrettelegging for å nå ambisjonene. I tidligere utkast, deriblant første utkast som ble presentert for fakultetsstyret i februar 2023 ([fakultetsstyresak 5/23](#)), var tiltakspunkter inkludert i fakultetets strategi. Etter den skriftlige innspillsrunden ble tiltakspunktene tatt ut for å tydeliggjøre de overordnede og langsiktige prioriteringene. Tiltakspunktene som ble tatt ut av strategidokument finnes som vedlegg 3 til saken. Tiltakspunktene er ikke utfyllende og skal ikke vedtas, men kan benyttes som utgangspunkt for implementering av strategien.

Med en langsiktig strategiplan som fokuserer på visjoner og ambisjoner, er det ønskelig at implementering av strategien skal være konkret og oversiktlig for kortere tidsspenn. Vi foreslår at det for perioden fram mot neste dekan- og styrevalg i 2025, utarbeides to handlingsplaner, én for forskning og én for utdanning. Begge handlingsplanene skal inneholde tiltakspunkter på strategiens gjennomgående prioriteringer: *internasjonalisering, rekruttering, mangfold og likestilling og formidling*.

Ved å utarbeide tiltakspunkter for de samme prioriteringene i begge handlingsplanene vil vi knytte forskning og utdanning tettere sammen, samtidig som det vil bli tydelig hvor og på hvilken måte forskningsaktiviteten og utdanningsaktiviteten må prioritere ulikt. I tillegg til de sentrale prioriteringene kan handlingsplanen for forskning og handlingsplanen for utdanning inkludere egne punkter som er særskilt for områdene.

Handlingsplan for forskning og handlingsplan for utdanning utformes etter vedtak av den nye strategien i Forskningsutvalget og Studieutvalget. Arbeidet med utforming av de to planene ledes av henholdsvis leder av FU, Ragna Aarli og leder av SU, Halvard Haukeland Fredriksen. Handlingsplanene skal legges fram for fakultetsstyret innen utløpet av 2023.

På denne bakgrunn framsettes følgende

forslag til vedtak:

Fakultetet vedtar ny strategi for perioden 2023-2030 med foreslåtte tilføyelse fra SU og godkjenner planen for implementering av strategien gjennom utarbeidelse av to handlingsplaner, én for forskning og én for utdanning.

Karl Harald Søvig
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

05.06.2023
Ingrid Birce Müftüoglu

Vedlegg:

Vedlegg 1: Ny strategi for Det juridiske fakultet 2023-2030

Vedlegg 2: Gjennomførte aktiviteter i strategiprosessen

Vedlegg 3: Arbeidsdokument med tiltakspunkter for å nå ambisjonene i strategien

Strategi for Det juridiske fakultet 2023-2030

RETTSVITSKAP I FRONT

Det juridiske fakultet skal mot 2030 styrke sin posisjon som eit rettsvitenskapleg kunnskapssentrum. Fakultetet skal bygge vidare på forskingsmiljøa vi har utvikla for å utdanne juristar som kan ta rettssamfunnet vidare.

Rettsystemet er ein avgjerande infrastruktur for eit demokratisk samfunn tufta på menneskerettane. Ei hovudoppgåve for rettsvitenskapen er å utforske og analysere dei reglane som er vedteke. Ei anna hovudoppgåve er å utvikle rettsystemet for å kunne møte framtidige utfordringar. Dette må skje med grunnlag i ein sterk fagleg-kritisk kultur og dialog med andre vitkapsdisiplinar. Med aktivt og engasjert internasjonalt forskingssamarbeid skal vi fremme vilje, evne og mot til å gå i front for nye perspektiv og rettslege løysingar på problem og konflikhtar som oppstår i tida.

Den sentrale rolla juristane har i samfunnet og den makta dei utøver, gjer det viktig å arbeide målretta for rekruttering av studentar og forskarar med ulike erfaringar og perspektiv.

LANGSIKTIG OG NYSKAPANDE FORSKING

Forskarane og forskingsmiljøa våre bidreg til utvikling av den rettsvitenskaplege forskingsfronten.

Berekraftig utvikling av samfunnet og ny teknologi krev nye rettslege løysingar. Vi skal styrke forskinga på grunnleggjande utfordringar i rettsystemet og tidsaktuelle problemstillingar. Forskinga skal vere orientert mot den internasjonale forskingsfronten, skje over tradisjonelle disiplingrenser i rettsvitenskapen og i dialog med andre vitkapsdisiplinar.

Vi forskar på dei sentrale rettsområda som inngår i det femårige masterprogrammet i rettsvitenskap, for slik å sikre forskingsbasert utdanning innan så vel privatrettslege som offentlegrettslege emne. Vi skal samstundes styrke forskinga på fagområde som peikar seg ut som særleg viktige både for rettsvitenskapen og i eit samfunnsperspektiv.

Med **tre faglege tyngdepunkt** skal vi utvikle kvaliteten på forskingsaktiviteten generelt, og gje grunnlag for å løyse viktige samfunnsutfordringar. Dei faglege tyngdepunkta er område som det skal leggast særleg vekt på å utvikle, og dei skal vere instrument i oppbygginga av og rekrutteringa til det samla forskingsmiljøet.

Det faglege tyngdepunktet **Klima- og energirett** vil ta utgangspunkt i det sterke tverrfaglege miljøet som er utvikla i samarbeid med UiB si satsing på klima og energiomstilling. Dette er eit felt som på ein særskilt måte svarer på sentrale samfunnsutfordringar som klimautfordringa og trongen for kunnskap og regelutvikling for å sikre ei berekraftig utvikling. Det er eit mål at fagmiljøet skal utvikle seg til eit senter i løpet av strategiperioden.

Det faglege tyngdepunktet **Rettsstat og internasjonalt rettssamarbeid** skal løfte dei prinsipielle perspektiva i styrking av rettsstaten aleine og i samarbeid med andre statar. Utviklinga i Europa der rettsstatar blir nedbygt og avtalar sagt opp, har skapt etterspurnad etter rettsstatleg grunnforskning og gode modellar for rettssamarbeid. Det veletablerte fagmiljøet på feltet skal ta sikte på å bli eit nordisk kunnskapssentrum for forskning og forskarutdanning i løpet av strategiperioden.

Det faglege tyngdepunktet **Rammevilkår for næringsverksemd og nyskaping** skal vidareutvikle samarbeidet med økonomiske og teknologiske forskingsmiljø. For å utvikle eit teknologi- og

kunnskapsbasert samfunn som kan bære kostnadane med rettsstaten og velferdssamfunnet og gjennomføre det grønne skiftet, er det nødvendig å skape gode rettslege rammevilkår for nyskaping og initiativ. Kunnskap om komplekse nasjonale og internasjonale regelverk er avgjerande for å kunne realisere dette. Det fleirfaglege samarbeidet på feltet dannar grunnlaget for å finne gode og framtidsetta løysingar for regulering av ny og sjølvlærande teknologi.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal ha ein akademisk kultur for fri fagleg samtale og kritikk, og vere del av den internasjonale forskingsfronten
- Vi skal dyrke ein nyskapande og samfunnsrelevant rettsvitenskap, og ha god dialog med omverda og andre vitenskapar
- Vi skal både publisere på norsk og i kanalar på høgt internasjonalt nivå
- Vi skal auke vår kompetanse om teknologiutvikling og digitalisering på tvers av rettsdisiplinar og faglege tyngdepunkt
- Vi skal ha ei forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som bygger rettsvitenskapleg kjernekompetanse og inviterer til å utforske teoretisk- og metodologisk mangfald
- Vi skal auke eksternfinansieringa for å utvide forskingskapasiteten til fagmiljøa
- Vi skal fremje kunnskapen om, og forståinga av, forskingsetikk og fagleg integritet
- Vi skal synleggjere verdien av rettsvitenskapleg forskning for samfunnet gjennom målretta kommunikasjon av og om forskinga ved fakultetet

UTDANNING FOR FRAMTIDA

Vi utdannar sjølvstendige og kritiske juristar som har inngåande kjennskap til samtidas rettssystem og kan møte nye utfordringar og ukjende problemstillingar, og slik sett utvikle retten.

Eit samfunn i omstilling til ny teknologi og mellommenneskeleg samhandling krev endringsdyktige juristar som kan nytte det rettsvitenskaplege kunnskapsgrunnlaget klokt i praksisfeltet. Bergensmodellen med problembasert og studentaktiv læring, tett oppfølging av studentane i gruppeundervising dei første åra og målretta skrivetrening, skal være berebjelke i studieordninga. Vi bygger juridisk kompetanse gjennom ein idé om at *korleis* du lærer er nøkkelen til *kva* du lærer. Vi skal fortsette kvalitetsutviklinga av studiemodellen slik at studentane våre er førebudde på morgondagens arbeidsliv og aktivt kan bidra til samfunnsutviklinga.

Gjennom forskingsbasert undervising og varierte læringsformar skal vi utdanne juristar med fagleg tryggleik, sterkt metodisk medvit og høg etisk standard. Studentane skal sjå rettslege problemstillingar i eit heilskapleg bilete og retten i eit samfunnsperspektiv. Den overordna læringsutbyttebeskrivinga for studieprogrammet dannar grunnlaget for alt vi gjer i utdanninga.

Studieprogrammet skal ha god indre samanheng og progresjon der internasjonal erfaring er integrert i løpet. Dragefjellet skal vere ein studentaktiv campus med eit inkluderande læringsmiljø gjennom heile studieløpet.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal vere det leiande rettsvitenskaplege utdanningstilbodet i Noreg gjennom å vidareutvikle Bergensmodellen med studentanes læring i sentrum
- Vi skal utvikle metodisk medvit om, og interesse for, sentrale dilemma i retten og stimulere til livslang læring
- Vi skal la studentane ta del i den akademiske fellesskapen og gje dei innsikt i vitenskapleg arbeidsmåte og i forskarkvardagen

- Vi skal sikre at dei vi utdannar er oppdaterte på bruk av digitale verktøy til å løyse rettslege problemstillingar
- Vi skal vere attraktive for studentar med ulike erfaringar og perspektiv, og gjere bruk av dette mangfaldet i studiet
- Vi skal synleggjere behovet for, og verdien av, dialog med andre vitskapar for å kunne
- løyse rettslege og samfunnsmessige problemstillingar
- Vi skal gjere studentane i stand til å samarbeide med juristar frå andre land, og til å kunne forstå og gjere seg nytte av deira perspektiv på felles rettslege utfordringar og sjølv bidra med norske perspektiv
- Vi skal stimulere til utforskning av regionale problemstillingar i lys av internasjonal rettsutvikling, i samarbeid med aktørar i Vestlandsregionen
- Vi skal utvikle forskartalent og rekruttere sterke kandidatar til ph.d.-programmet mellom anna ved hjelp av forskarlinja

FORMIDLING OG SAMFUNNSDIALOG

God formidling av rettsvitskapleg kunnskap skal bidra til utviklinga av demokratiet, og legitimiteten og tilliten til retten i samfunnet.

Våre vitskapleg tilsette er tydeleg til stades som kunnskapsressursar i samfunnet, driv formidling med høg kvalitet og når breitt ut. Gjennom dialog med politiske og rettslege institusjonar skal vi bidra til betre avgjerder om korleis rettssystemet skal utviklast.

Med nyskapande formidling skal vi synleggjere fakultetet som ein forskings- og utdanningsinstitusjon med høg kvalitet og som ein attraktiv arbeids- og studiestad.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal bidra til opplysning og saklege debattar om retten i samfunnet med engasjement og klokskap, og synleggjere kva rolle rettsvitskapen kan spele for samfunnsutviklinga
- Vi skal ha eit godt yringsklima og oppmuntre forskarar på alle nivå til formidling av vitskapleg innsikt for fagfellar og allmennheita
- Vi skal vidareutvikle den gode formidlingskulturen internt og arbeide nyskapande for å nå ut til fleire nasjonalt og internasjonalt
- Vi skal særleg arbeide med å synleggjere dei tre faglege tyngdepunkta
- Vi skal formidle innsikt i fagdidaktikk og ta initiativ til deling av erfaringar om kunnskapsutvikling innan og på tvers av det juridiske fagmiljøet

EIN ORGANISASJON I UTVIKLING

Vi er ein attraktiv, inkluderande og engasjerande arbeids- og studiestad med godt samvirke mellom tilsettegrupper som saman løyser fakultetet sitt samfunnsoppdrag.

Fakultet skal verne om universitetsdemokratiet og bidra aktivt for at Universitetet i Bergen skal nå ambisjonane som er sett ut i strategien for 2023- 2030. Vi skal utvikle ein organisasjon som kan møte den aukande etterspurnaden etter rettsvitskapleg forskning og utdanning.

Alle i organisasjonen skal bidra til eit inkluderande arbeids- og studiemiljø. Ved å vere til stades og ta initiativ til fagleg-kritisk kulturbygging, skal vi utvikle gode møtestader mellom studentar og tilsette.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal arbeide for ein organisasjon med ein inkluderande kollegial kultur og eit arbeidsmiljø som speglar mangfaldet i samfunnet
- Vi skal utvikle ein organisasjon med berekraftig fagleg leiarskap og kultur for deltaking og nærvære i organisasjonen
- Vi skal tiltrekke oss fagleg sterke og engasjerte kandidatar som vil bidra til å bygge fagmiljøa og utvikling av fakultetet
- Vi skal fortsette med, og vidareutvikle det tette og gode samarbeidet mellom tilsettegruppene, og gjennom dette samarbeidet effektivisere og forenkle arbeidsprosessar og rutinar
- Vi skal styrke tiltaka for karriereoppfølging og rettleiing, særleg for å bygge opp forskarar som er tidleg i karrieren
- Vi skal støtte opp om engasjerte undervisarar som set studentane si læring i sentrum

Vedlegg 3: Gjennomførte aktiviteter i strategiprosessen

Omtale av sentrale aktivitetene kan leses på [strateginettetsiden](#).

2023	
10. mai	Organisering av arbeidet med ny strategi vedtatt i fakultetsstyret
8. aug	Oppnevning av medlemmer til det rådgivende organet
20. sept	Oppstartsmøte for prosjektgruppen og det rådgivende organet
6. okt	Allmøte for fast vitenskapelig ansatte om strategi og organisering
18. okt	Muntlig orientering om strategiprosessen i SU
28. okt	Orientering om strategiprosessen i FU
1. nov	Andre møte for prosjektgruppen og det rådgivende organ
3. nov	Nasjonalt symposium for kvalitet i juridisk forskning
4. nov	Strategimøte for eksterne samarbeidspartnere
4. nov	Allmøte for administrativt ansatte om strategi og organisering
8. nov	Allmøte for midlertidig ansatte om strategi og organisering
8. nov	Orientering om strategiprosessen i fakultetsstyret
28.nov	Orientering om strategiprosessen i FU
1. des	Orientering om strategiprosessen i SU
15. des	Orientering om strategiprosessen «midtveis» i fakultetsstyret
Nov-des	Spørreundersøkelse blant studenter via JSU
4. jan	Tredje møte i prosjektgruppen og det rådgivende organ
5. jan	Første utkast av ny strategi deles med alle ansatte
11. jan	Presentasjon og diskusjon av første utkast på allmøte på Solstrand
17. jan	Orientering om første strategiutkast og veien videre i FU
26. jan	Orientering om første strategiutkast og veien videre i SU
7. feb	Orientering om første strategiutkast og veien videre i fakultetsstyret
15. feb	Frist for innspill til strategiutkastet

2023	
4. jan	Tredje møte i prosjektgruppen og det rådgivende organ
5. jan	Første utkast av ny strategi deles med alle ansatte
11. jan	Presentasjon og diskusjon av første utkast på møte for vitenskapelig ansatte på Solstrand
17. jan	Orientering om første strategiutkast og veien videre i FU
26. jan	Orientering om første strategiutkast og veien videre i SU
7. feb	Orientering om første strategiutkast og høringsrunden i fakultetsstyret
15. feb	Frist for skriftlige innspill til første strategiutkast
16. feb	Møte i gruppe B om strategiutkastet
Uke 10	Prosjektgruppen ferdigstiller et bearbeidet strategiutkast
15. mars	Arbeidsmøte i prosjektgruppen og det rådgivende organet med fokus på ambisjoner og tiltak i bearbeidet strategiutkast
30. mars	Allmøte med presentasjon og diskusjon av nytt strategiutkast

10. mai	Lederseminar for ferdigstilling av strategidokument
30. mai	Nytt strategiutkast og plan for implementering legges fram for SU
5. juni	Nytt strategiutkast og plan for implementering legges fram for FU
13. juni	Endelig strategiplan 2023-2030 legges fram for fakultetsstyret

Vedlegg 3: Mulige tiltakspunkter for å oppnå ambisjonene i strategiplanen

Langsiktig og nyskapande forskning

- Rekruttere planmessig og systematisk til faste og mellombelse stillingar for å byggje opp fagmiljøa i dei ulike rettsdisiplinane og styrke sårbare miljø
- Bruke administrative ressursar målretta for å frigjere samanhengande forskingstid
- Auke det faglege samarbeidet om prosjekt, publikasjonar og formidling både innanfor rettsvitskapen og med andre vitskapar
- Utvikle kompetanse innan forskingsleiing for å styrke den strategiske utviklinga i forskingsmiljøa
- Styrke kunnskapen om internasjonal og komparativ rett innan alle rettsområde og tematikkar for å gjere nasjonal rettsvitskapleg forskning aktuell for z og ettertrakta i z internasjonale tidsskrift av høg kvalitet
- Arbeide aktivt opp mot forskingsforvaltninga, departementa og næringslivet for å auke forståinga av verdien av rettsvitskapleg forskning
- Sørge for eit sterkt administrativt støtteapparat for søknadsarbeid og prosjektgjennomføring for å auke tilslag på søknader og kvalitet på prosjektgjennomføring

Utdanning i front

- Tilby eit studium med klar indre samanheng og fagleg-metodisk progresjon
- Arbeide med kontinuerleg forbetring av kvalitet i utdanninga basert på evalueringar og faglege diskusjonar, og sikre kvalifisert prøving på alle nivå i studiet
- Leggje til rette for kompetanseheving og samarbeid blant undervisarar
- Vidareutvikle arbeidet med å følge opp og innlemme arbeidsgruppeleiarar i læringsdesignet på dei to første studieåra
- Leggje til rette for eit inkluderande og levande læringsmiljø med kort veg til fagleg og administrativ rettleiing og støtte på alle trinn i studiet
- Arbeide for meir mangfald i studentrekrutteringa
- Arbeide målretta for å få eit Senter for Framifrå Utdanning i løpet av strategiplanperioden
- Utvikle eit attraktivt tilbod om LLM-grad og fleire tverrfaglege masterprogram.
- Fortsette å støtte studentutvalet og studentorganisasjonane og bidra til god og open dialog
- Vidareføre internasjonaliseringsarbeidet med utvekslingsavtalar av høg kvalitet og oppfordre alle studentar til å reise på utveksling som del av studiet
- Inkludere internasjonale studentar i aktivitet ved fakultetet og skape fleire gode faglege møteplassar mellom ulike studentgrupper
- Vidareutvikle forskarlinja for å inkludere fleire av dei beste studentane med forskarambisjonar

Formidling og samfunnsdialog

- Støtte og rådgje vitskaplege tilsette på alle nivå slik at formidlinga når eit breiare publikum
- Gje vitskaplege tilsette råd om val av kommunikasjonskanalar og målgrupper i karriereutvikling
- Vidareutvikle DLF som ressurs for formidlingsaktivitetar på ulike nivå i organisasjonen
- Meir samarbeid mellom Dragefjellet lærings- og formidlingssenter (DLF) og andre kommunikasjonstilsette ved fakultetet
- Arbeide systematisk med å synleggjere offentlege bidrag frå eigne forskarar både internt og eksternt
- Måling og evaluering av formidlingsbidragene, som et strategisk styringsverktøy
- Gje informasjon og opplæring i ulike formidlingsformer og teknikkar

Ein organisasjon i utvikling

- Leggje til rette for og oppfordre studentar til å nytte rettsvitskapleg innsikt til nytenking og innovasjon
- Tilby fleire nyskapande og samfunnsnyttige tilbod om etter- og vidareutdanning
- Sikre god administrativ støtte til faglege leiarar og leggje til rette for at dei kan halde fram med vitskapleg verksemd
- Gje opplæring i prosjektleiarskap, tildele administrative ressursar til søknad og drift av prosjekt og klargjere forventningane til leiarrolla i ulike former for prosjekt
- Tilby, og stille krav om, deltaking i opplæringsprogram til leiarroller
- Verne om tida dei vitskapeleg tilsette har til forskning og sørge for god balanse mellom forskningstid og undervisningsaktivitetar
- Støtte mellombels tilsette i vitskapleg stilling i arbeidet med å realisere utviklingsplanar og karriereambisjonar
- Arbeide systematisk med rolleforståing og samhandling på tvers mellom ulike arbeidstakargrupper i organisasjonen